



Sør Trøndelag fylkeskommune  
Avdeling for regional utvikling  
[regut@stfk.no](mailto:regut@stfk.no)

Trondheim 30.03.2007

### Uttale til forslag til fylkesdelplan vindkraft

Vi viser til utsende dokument om fylkesdelplan vindkraft: Del I, Del II og innstilling / vedtak i fylkesutvalet.

#### Vi har fire hovudkonklusjonar i vår uttale

1. Stans all vidare utbygging av vindkraft til lands i Sør Trøndelag (alternativ A i planen). Dette medfører også nei til 420 kV kraftline Namsos – Surnadal som utgjer ein integrert del av forslaget til fylkesdelplan vindkraft.
2. Kanalisér vindkraftmilliardane til andre energi- og klimatiltak som vil gje vesentleg større bidrag til å redusere utslepp av klimagassar på kort og lang sikt. Gjennomfør ei utgreiing for alternativ bruk av vindkraftmilliardane.
3. *Fylkeskommunen har ikkje oppfylt lovverkets klare pålegg om konsekvensutgreiingar (Plan og bygningsloven og Forskrift om konsekvensutredninger). Ingen andre fylkeskommunale planar i Sør Trøndelag har sannsynlegvis nokon gong hatt større konsekvensar for natur og miljø i fylket. Fylkeskommunen må foreslå eit utgreiingsprogram og få gjennomført allsidige og fullstendige konsekvensutgreiingar for alle områda som forslaget til fylkesdelplan har peika ut som aktuelle for utbygging, medrekna 420 kV kraftline.*
4. Det må bli sett i gang eit arbeide med å vurdere større, samanhengande verneområde på kysten av nasjonalpark-liknande karakter før presset frå vindkraft, kraftliner, vegbygging og hyttebygging øydelegg dei siste restane av urøyd natur langs kysten. Vi ber Fylkesmennene og fylkeskommunane i Sør Trøndelag, Nord Trøndelag og Møre og Romsdal om å ta initiativ til dette.

Organisasjonen ”Vern naturarven” i Snillfjord har slutta seg til dette høyringsbrevet frå Naturvernforbundet i Sør Trøndelag. Vi viser til vedlegg 1.

## Innholdsliste

Generelt.....	3
Krav om allsidige konsekvensutgreiingar.....	3
Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet om utarbeiding av fylkesdelplanar for vindkraft.....	4
Lovverkets krav om konsekvensutgreiingar.....	5
Fritak frå Plan- og bygningsloven?.....	5
Mangelfull kunnskap.....	6
Krav til den vidare behandlinga av planen.....	6
Vår konklusjon og innstilling til fylkeskommunen.....	6
Vindkraft og miljø.....	6
Energisituasjonen i Midt Noreg.....	7
Tilstrekkeleg elektrisitet i Midt Noreg.....	7
Vindkraft i framtida.....	7
Landbasert og havbasert, eller berre havbasert?.....	7
Feil bruk av 10 milliardar.....	7
Manglande kartlegging av biologisk mangfald.....	8
Tap av inngrepsfri natur (INON).....	9
Manglande konkrete vurderingar i planforslaget.....	9
Oversyn over tap av INON-område.....	10
I strid med nasjonale retningsliner for vindkraftanlegg.....	11
Svært stort konfliktpotensial i Snillfjord.....	11
Svært stort konfliktpotensial i Åfjord og Roan.....	12
Storheia – ein miljøskandale.....	12
Nasjonalpark for kystområda?.....	13
Samandrag INON.....	13
Vedlegg.....	15

## Generelt

Naturvernforbundet i Sør Trøndelag set pris på at Sør Trøndelag fylkeskommunen har teke initiativ til å etablere ein fylkesdelplan vindkraft, og vi har bede Miljøverndepartementet om å gripe inn og sikre at også Møre og Romsdal og Nord Trøndelag blir med på eit samarbeid med Sør Trøndelag for å lage ein regional plan for vindkraft. Det er eit stort behov for samordning i Midt Noreg. Også Fylkesmannen i Nord Trøndelag stør i brev av 09.01.2008 kravet om ein regional plan.

Planane for vindkraftutbygging er så omfattande at dei vil kunne innebera det største naturinngrepet vi har sett i Midt Noreg nokon gong.

Som vi dokumenterer seinare i dette brevet, vil forslaget til fylkesdelplan vindkraft for Sør Trøndelag totalt sett medføre tap av minst 330 km<sup>2</sup> inngrepsfrie naturområde. Det er dette som i planen er kalla «Moderat utbygging» - sterkt misvisande i høve til dei massive inngrepa.

*Fylkesdelplan vindkraft er sannsynlegvis den planen med størst konsekvensar for naturmiljø og samfunn som Sør Trøndelag fylkeskommune nokon gong har gjeve seg inn på å lage.*

*Det er difor tvingande nødvendig at alle sider ved konsekvensane for vindkraftutbygging klårt kjem fram, ut i frå det store omfanget av utbygging som ligg i forslaget til plan.*

Arbeidet med faktagrunnlaget og politikkdelen i Fylkesdelplanen har brakt fram viktig kunnskap om regionen, men vi stiller oss kritisk til delar av faktagrunnlaget og ikkje minst til konklusjonen. Dette gjeld ting vi ser som feil og misvisande, men spesielt viktig for oss er at det er så store manglar i faktagrunnlaget når det gjeld registrerte naturverdiar at vi ser det som uforsvarleg at ein i forslaget til plan går så langt i å foreslå «ja-område» for vindkraft.

*Når fylkesdelplanen kjem med forslag til «ja-område», så er det i strid med forutsetningane og dei signala som vart gjeve i starten av arbeidet, der det vart sagt at ein utelukkande skulle koma med «nei-område», og ikkje «ja-området».*

*Vi stiller også spørsmål om planens behandling av resten av fylket. I starten av arbeidet vart det uttrykt at planen skulle dreie seg om heile fylket, ikkje berre om kystregionen. Andre stader i landet, mellom anna i Nord Trøndelag finst det planar for vindkraft langt inne i landet, og vi kan ikkje sjå bort frå at slike planar også vil dukke opp i Sør Trøndelag. Forslaget til Fylkesdelplan vindkraft behandlar ikkje fjellområda / indre område, og er dermed utelukkande ein plan for kystregionen.*

### **Krav om allsidige konsekvensutgreiingar**

Forslaget til fylkesdelplan går inn for ei sterk utbygging i Osen / Roan / Åfjord og i Snillfjord med tilhøyrande 420 kV kraftline utan at det er gjennomført konsekvensutgreiingar for naturinngrep og andre samfunnstilhøve for desse områda og for kraftlina.

Sjølv om planforslaget ikkje inneheld detaljar om konkrete vindkraftanlegg i Osen / Roan / Åfjord og Snillfjord, og seier at avklaring av inngrep m.m. må bli avklart seinare, så er forslaget eit overordna signal om at fylkeskommunen går god for at det er akseptable konflikhtar for miljø og andre samfunnstilhøve for desse to områda og for ei 420 kV kraftline langs kysten. Forslaget inneheld i tillegg retningsliner for etablering av vindkraftanlegg. Det er ingen tvil om at forslagets utforming utløyser lovverkets krav om konsekvensutgreiingar.

*Dei manglande konsekvensutgreiingane gjer det ikkje er mogleg å ta stilling til planforslaget på*

forsvarleg grunnlag. Dermed vil eit planvedtak nødvendigvis byggja på sviktande kunnskapsgrunnlag.

## Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet om utarbeiding av fylkesdelplanar for vindkraft.

Miljøverndepartementet og Olje- og Energidepartementet arbeider med retningslinjer for regionale planar for vindkraft. Forslaget til retningslinjene har vore ute på høyring, men vi har enno ikkje fått dei endelege retningslinjene. Forslaget har retningslinjer for korleis regionale planar skal vera forankra i lovverket:

*«Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg (heretter; retningslinjene) anbefaler utarbeidelse av regionale planer i form av fylkesdelplaner etter plan- og bygningsloven for å fremme utbygging av vindkraftanlegg med akseptabelt konfliktnivå.»*

### *«2.1 Bakgrunn for planprogram*

*Etter forskrift om konsekvensutredninger av 1. april 2005 skal det utarbeides et planprogram for alle planer som omfattes av forskriften. Regionale planer for vindkraft omfattes av KU-forskriften hvis planen gir retningslinjer for utbyggingsbeslutninger i etterfølgende plan- og konsesjonsprosesser. I praksis vil dette omfatte planer som angir områder der etablering av vindkraftanlegg vurderes å være akseptabelt i forhold til viktige hensyn. For vurdering av viktige hensyn vises det til kapittel 3.*

*Ved oppstart av planarbeidet vil det ikke alltid være klart om planen til sist vil ende opp med å angi områder hvor etablering av vindkraftanlegg vurderes å være akseptabelt i forhold til viktige hensyn, og om planen dermed omfattes av KU-forskriften. Det anbefales likevel å utarbeide et planprogram for alle regionale planer for vindkraft. Et planprogram vil kunne bidra til å strukturere den videre organiseringen og gjennomføringen av planarbeidet, og bidra til tidlig avklaring av planarbeidets formål, innhold og kunnskaps- og dokumentasjonsbehov. Et viktig formål med planprogrammet vil være å klargjøre og avgrense planområdet i den enkelte region. Hvis det bestemmes at planen utelukkende skal være en kartlegging av viktige hensyn, omfattes den ikke av KU-forskriften.»<sup>1</sup> (våre understrekingar).*

Når forslaget til fylkesdelplan for Sør-Trøndelag går inn for utbygging av vindkraft i Snillfjord, Åfjord, Osen og Roan, og planen vidare går god for ei kraftline langs kysten for å kople på vindkraftanlegga, så er det ingen tvil om at fylkesdelplanen er underlagt krav til konsekvensutgreiingar slik departementa vurderer det: «områder hvor etablering av vindkraftanlegg vurderes å være akseptabelt i forhold til viktige hensyn...planen dermed omfattes av KU-forskriften»

Det er i tillegg grunn til å merke seg at departementa generelt sett oppmodar fylkeskommunane om å gjennomføre planprogram, sjølv om dei ikkje peiker ut spesielle utbyggingsområde.

Regjeringa om regionale planar for vindkraft:

*«Det blir òg fastsett ein rettleiar for utarbeiding av regionale planar for vindkraft. Formålet med retningslinjene er å medverke til at utbygging av vindkraft skjer etter heilskaplege og langsiktige vurderingar og slik at konfliktane i forhold til andre viktige omsyn er akseptable.»<sup>2</sup>*

Når det er eit mål å sikre «at konfliktane i forhold til andre viktige omsyn er akseptable», så må ein

1 Miljøverndepartementet og Olje og Energidepartementet: Høringsutkast: Veileder for regionale planer for vindkraft - vedlegg til Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg.

2 St. Prop. Nr 1. (2007-2008)

nødvendigvis skaffe seg tilstrekkelege kunnskapar for å kunne vurdere dette gjennom konsekvensutgreiingar når Sør Trøndelag fylkeskommune peiker ut område for utbygging, inkludert kraftline.

## **Loverkets krav om konsekvensutgreiingar**

Vi viser spesielt til "Plan og bygningsloven"

§ 16-2: *"For fylkesplaner og kommuneplaner som fastsetter retningslinjer eller rammer for fremtidig utbygging, samt for reguleringsplaner som kan ha vesentlige virkninger for miljø, naturressurser eller samfunn, gjelder bestemmelsene om konsekvensutredninger i kapittel VII-a"*

I og med at planforslaget inneheld retningslinjer for utbygging av vindkraft, og det er peika ut område som er aktuelle for utbygging, er det ingen tvil om at vi her har ein fylkesplan *"som fastsetter retningslinjer eller rammer for fremtidig utbygging."* Det er heller ingen tvil om at planforslaget vil ha *"vesentlige virkninger for miljø, naturressurser eller samfunn."*

Vidare viser vi til "Forskrift om konsekvensutredning"

§ 2: *"Følgende planer og tiltak skal alltid behandles etter forskriften, jf. Kapittel III:*

*a) fylkes(del)planer etter plan- og bygningsloven med retningslinjer for utbygging."*

§ 3: *"Følgende planer og tiltak skal behandles etter forskriften kapittel III dersom de kan få vesentlige virkninger for miljø, naturressurser eller samfunn, jf. Kriteriene i § 4:*

*...b) ... , anlegg for produksjon av elektrisk energi med en installert effekt på minst 25 MW etter energiloven.."*

§ 4: *"Planer og tiltak etter § 3 skal behandles etter forskriften dersom de*

*a) er lokalisert eller kommer i konflikt med områder med særlig verdifulle landskap, naturmiljø, kulturminner....*

*b) er lokalisert i eller kommer i konflikt med viktige inngrepsfrie naturområder, eller utgjør en trussel mot direkte truede eller sårbare arter og deres leveområder eller mot andre områder som er særlig viktige for biologisk mangfold,*

*c) er lokalisert i større naturområder som er særlig viktige for utøvelse av friluftsliv...*

*Vedlegg I. Planer for tiltak og tiltak som alltid skal konsekvensutredes etter § 2*

*10. Vindkraftanlegg med en installert effekt på meir enn 10 MW.*

*26. Nyetablering av havner og havneanlegg.*

*28. Kraftledninger og jord- og sjøkabler med spenning 132 kV eller høyere og en lengde på meir enn 20 km.*

## **Fritak frå Plan- og bygningsloven?**

I søknad om konsesjon for 420 kV kraftline Namsos – Roan skriv Statnett at dei vil søkje berørte kommunar om dispensasjon for reguleringsplikten i Plan- og bygningsloven ut i frå at kraftlina har vore gjennom ei konsekvensutgreiing. Då kraftliner og vindkraftanlegg representerer så massive

naturinngrep, ser vi det som best at det er mest mogleg kontroll over kva som skjer dersom det eventuelt blir gjeve konsesjon for utbygging. Vi ber Sør Trøndelag fylkeskommune ta inn ein merknad i fylkesdelplan vindkraft der kommunar blir oppmoda om ikkje å gje dispensasjon for at eventuelle utbyggingar skjer med fritak frå reguleringsplikta i Plan og bygningsloven.

## **Mangelfull kunnskap**

Vi vil i denne samanhangen også vise til uttale frå Fylkesmannen i Sør Trøndelag om kraftlina Namsos – Roan<sup>3</sup>, der det er avdekka store manglar i kunnskapsgrunnlaget og i konsekvensutgreiinga for denne kraftlina. Denne kraftlina blir utelukkande sett opp som ein del av vindkraftutbygginga, og vil bli forlenga til å gå heile vegen frå Namsos til Surnadal i som ein del av forslaget til fylkesdelplan vindkraft. Dei enorme konsekvensane som denne kraftlina vil få for biologisk mangfald, landskap m.m. må også bli avklart før ein kan ta stilling til ein vindkraftplan som utløyer denne kraftlina. Denne kraftlina er ein del av forslaget til fylkesdelplan vindkraft.

## **Krav til den vidare behandlinga av planen**

1. Lovverket må bli fulgt, og det må bli gjennomført allsidige konsekvensutgreiingar for dei områda der forslaget til fylkesplan foreslår utbygging av vindkraft. Dette gjeld også 420 kV kraftline Namsos – Surnadal, som er ein del av forslaget. Først planprogrammet, og seinare konsekvensutgreiingane og forslag til fylkesdelplan må bli sendt ut til høyring før vidare behandling i fylkeskommunen.
2. All behandling av meldingar og søknader om anlegg for vindkraft og kraftliner knytt til vindkraft må bli stansa inntil fylkesdelplan vindkraft er vedteke.
3. Planen må også ta med fjellområde / indre område i Sør Trøndelag.

*Dersom fylkeskommunen vedtek ein fylkesdelplan for vindkraft som foreslår område for utbygging av vindkraft, utan at lovverkets krav til konsekvensutgreiingar for desse områda og for medfølgjande kraftline er fulgt, vil Naturvernforbundet i Sør Trøndelag klage vedtaket inn for Fylkesmannen i Sør Trøndelag / Miljøverndepartementet / Olje- og energidepartementet.*

## **Vår konklusjon og innstilling til fylkeskommunen**

1. Velg alternativ A, inga vidare utbygging av vindkraft til lands i Sør Trøndelag.
2. Dei enorme investeringane som er tenkt brukt på vindkraft, må i staden bli satsa på energisparing, energiomlegging og oppgradering av eksisterande verk og andre klimatiltak. Sats i tillegg på raskare tempo i utvikling av vindkraft til havs. Dette vil gje det raskaste og største bidraget til redusert klimautslepp, og vil i tillegg hindre ei dramatisk nedbygging av inngrepsfri natur og medfølgjande tap av biologisk mangfald.

## **Vindkraft og miljø**

Det blir vist til at EU-programmet ExternE har rekna dei eksterne kostnadene (miljøulempar osv) for vindkraft til 2 øre/kWh mens den for kolkraft ligg mellom 16 og 120 øre / kWh.

Det som ikkje kjem fram, er at ExternE har basert seg på utrekningar i land som Tyskland og Danmark, der «all» vindkraft er lagt i kulturlandskapet og ikkje i naturområde. Kostnader for naturinngrep av den typen som vil ramme norsk natur er difor i liten grad med i reknestykket. ExternE er irrelevant og misvisande å ta med i ei utgreiing om norsk vindkraft.

---

<sup>3</sup> Fylkesmannen i Sør Trøndelag. Høring .. 300 (420) kv ledning Namsos og Roan kommuner. Ref: 2007/11391-562

Vi vil i denne sammenhengen sitere Fylkesmannen i Nord Trøndelag<sup>4</sup>:  
«Men vindkraftprosjekt med tilhørende kraftlinjer som krever store landskapskonsekvenser og naturinngrep, eller som har store negative konsekvenser for biologisk mangfold, kan ut fra et miljøforvaltningssynspunkt *ikke* betegnes som «miljøvennlig» energiform.»

## Energisituasjonen i Midt Noreg

I faktadelen står det at Midt Noreg har eit kraftunderskot på 9 – 13 TWh i 2010, og difor spesielt attraktivt for utbygging. *Dette er ein argumentasjon som er utan verdi for utbygging av vindkraft i Sør Trøndelag.* Samanlikna med resten av landet, har Midt Noreg ei stor overvekt av kraftintensiv industri. Det er håpløst å plukke ut delar av landet og krevja at kvar del skal vera «sjølvforsynt med kraft». Ein må sjå landet i samanheng. Det vesentlege er om ein kan dekke kraftbehovet for heile landet totalt.

### ***Tilstrekkeleg elektrisitet i Midt Noreg***

Det tverrpolitiske klimaforliket på Stortinget har fastlagt at ein skal betre «Energieffektiviteten i elnettet samt oppgradering av eksisterende vannkraftverk» for å få frigjort / få ny kraft tilsvarande 20% av dagens kraft innen 2020<sup>5</sup>.

For Midt Noreg tilsvarer dette ca 5 TWh innen 2020. Dette er dobbelt så mykje som Naturvernforbundet, i sin rapport om kraftsituasjonen i Midt Noreg, har rekna inn for slike tiltak innen 2012, og viser kor stort potensialet er. I tillegg kjem energisparing, småkraft, gjenvinning av elektrisitet frå spillvarme etc.

Med bakgrunn i klimaforliket og satsing på energisparing, småkraft, gjenvinning av elektrisitet frå spillvarme er det mogleg å betre energibalansen i Midt Noreg med 7-10 TWh innen 2020, utan utbygging av vindkraft i Midt Noreg ut over Ytre Vikna og Bessakerfjellet, og utan å ta med dei mest kontroversielle tiltaka for oppgradering av eldre kraftverk.

## Vindkraft i framtida

### ***Landbasert og havbasert, eller berre havbasert?***

Potensialstudiet av havvindkraft har komme fram til eit teknisk potensiale på 14 000 TWh i norske havområde, og ein stor del av dette har sannsynlegvis vesentleg lågare konfliktgrad for natur og miljø enn landbasert vindkraft. Dette er eit ufatteleg stort tal, samanlikna med dagens norske vasskraft på 120 TWh. Det er også ufatteleg stort, samanlikna med eit potensiale for vindkraft til lands på maks 40 TWh.

**Det er difor all mogleg grunn til å «ha is i magan» og satse på havvindkraft. Med ei satsing på vindkraft til lands i dag, vil vi om 20 år sitja att med ei øydelagt kystline med ubetydeleg produksjon av elektrisitet, samanlikna med dei enorme energimengdene vi etter kvart vil få frå havvindkraft. Med ei stortstilt satsing på havvindkraft i dag, vil vi framskunda tilgangen til ubegrensa mengder fornybar energi med mange år.**

## Feil bruk av 10 milliardar

Kraftlina Roan – Surnadal vil vera ein del av stamnettet og koste 1,5 milliardar. Dette kjem i tillegg til overføringsliner for dei einskilde anlegga.

Statnett reknar 2,7 mrd/TWh for Kvenndalsfjellet mens NTE reknar 2,9 mrd/TWh for Ytre Vikna.

<sup>4</sup> Fylkesmannen i Nord Trøndelag. Meldinger – Nye planlagte vindkraftanlegg på Fosen Ref: 2007/7581

<sup>5</sup> Pkt 5.6 i klimaforliket.

Vi tek utgangspunkt i ei investering på 2,8 mrd kroner pr TWh årsproduksjon.

3 TWh vindkraft på Fosen og Snillfjord vil dermed koste 8,4 milliardar å byggja ut. Medrekna kraftlina Roan – Surnadal blir kostnaden i alt 10 milliardar kroner for å få fram 3 TWh vindkraft. Som i alle andre samanhengar må ein stille seg spørsmålet:

Kva får vi ved alternativ bruk av 10 milliardar kroner til energi- og klimaformål i Sør Trøndelag? Ved målretta innsats av Enovas virkemiddel og ei vesentleg omlegging av støtteordningar slik at energisparing / oppgradering av kraftverk m.m. utløyser like stor kWh-stønad som vindkraft m.m., bør det vera mogleg å utløyse store investeringar til alternativ bruk.

Vi kan antyde to alternativ:

- **Alternativ 1**

**2 mrd** ekstra til utvikling av havvindkraft i dag vil framskude tilgangen på «ubegrensa» fornybar energi frå havet med mange år.

**4 mrd** ekstra til energisparing, energiomlegging, gjenvinning av spillvarme, oppgradering av gamle kraftverk/kraftliner, fjernvarmenett, bioenergi, varmepumper og andre fornybare energikjelder og tiltak i heile Midt Noreg. Dette vil betre energibalansen med minst 8 TWh innen 2015 og gje sterkt reduserte klimautslepp og vesentleg mindre naturinngrep.

Det er også slik at spart elektrisitet er meir verdfull enn produsert elektrisitet, då ein slepp belastning på overføringsliner etc.

**4 mrd** til andre klimatiltak, som f.eks. ekstra investeringar i jernbane m.m.

- **Alternativ 2**

**10 mrd** brukt på landbasert vindkraft i Sør Trøndelag i dag vil gje 3 TWh i 2015, øydelagte naturområde og vil utsetja satsinga på havbasert vindkraft. Tilgangen på dei uavgrensa energimengdene til havs blir utsett i mange år, samanlikna med alternativ 1. Energisparing / energiomlegging i landsdelen vil tilsvarande bli utsett.

Tap for klima og naturmiljø på kort og lang sikt.

*Ein konklusjon kan vera:*

*Dersom målsettinga er å redusere klimagassutsleppa vesentleg i Noreg og Europa på kort og lang sikt, må ein leggja hovudinvesteringa på energisparing, energigjenvinning, energiomlegging og andre klimatiltak, og i tillegg arbeide for å framskuda vindkraft til havs. Investering i vindkraft til lands er i samanlikning lite framtidsretta og i tillegg skadeleg for naturmiljøet.*

***Naturvernforbundet i Sør Trøndelag ber om at det, som ein del av fylkesplanen, må bli gjennomført ei samfunnsøkonomisk og klimamessig utgreiing for alternativ bruk av 10 mrd investeringar til energiformål og klimatiltak i Sør Trøndelag.***

## **Manglande kartlegging av biologisk mangfald**

Forslaget til fylkesdelplan vindkraft peiker på Snillfjord og Osen / Roan / Åfjord som aktuelle område for vindkraftanlegg, eit val som også utløyser ei 420 kV kraftline gjennom viktige naturområde langs heile Fosen, tvers over Agdenes / Snillfjord og vidare til Surnadal.

**Naturvernforbundet krev at det blir utført konsekvensutgreiingar, både for Snillfjordsområdet, Osen / Roan / Åfjord-området og kraftlina Namsos – Surnadal som ein del av fylkesdelplan vindkraft, og hevdar at det er lovstridig å vedta forslaget til fylkesdelplan utan at dette er gjennomført.**

Som eit viktig eksempel på det mangelfulle grunnlaget for fylkesdelplanen legg vi fram dokumentasjon på viktige naturverdiar i Snillfjordsområdet som vi meiner er til hinder for å etablere vindkraftanlegg der.

I vedlegg nr 2 har vi nokre observasjonar og fotodokumentasjon på smålom, storlom, kongeørn, hubro og andre artar og om friluftsliv som kan bli hardt ramma av dei planlagde vindkraftområda i Snillfjord kommune. Dette viser at det er sentrale raudlista artar i området og at det er eit stort behov for registreringar og konsekvensutgriningar.

Det er grunn til å minne om at vindkraftinstallasjonane også medfører vegar og trafikk for vedlikehald m.m., slik at det ikkje berre er sjølv vindturbinane som utgjer inngrepet, men også auka menneskeleg aktivitet i området.

**Med utgangspunkt den dokumentasjonen vi har lagt ved og dei erfaringane vi har med havørn på Smøla som er pressa vekk frå viktige leveområde og ørnedrap i vindkraftanlegga i Altamont Pass i California, ser vi vindkraftanlegga i Sør Trøndelag som eit så alvorleg inngrep ein ikkje kan byggja ut meire vindkraft i regionen.**

## Tap av inngrepsfri natur (INON)

Vindkraftanlegg er ekstremt arealkrevjande, og i motsetnad til Tyskland og Danmark, der slike anlegg så godt som utelukkande blir lagt i kulturlandskapet, blir anlegg i Noreg i hovudsak planlagt i inngrepsfrie naturområde. Dette medfører store tap av inngrepsfrie naturområde, som det er ei sentral nasjonal målsetjing å verne mot vidare nedbygging.

Statistikk for inngrepsfrie område i Sør Trøndelag<sup>6</sup>  
(meir enn 1 km frå næraste tyngre tekniske inngrep)

Totalt areal i fylket	INON 2003		Tap 1988-2003		Tap 1998 – 2003		Tap 2006 – 2015 som følge av fylkesdelplan vindkraft	
	km <sup>2</sup>	%	km <sup>2</sup>	%	km <sup>2</sup>	%	km <sup>2</sup>	%
18831	7558	40,14	337	4,3	54	0,7	330	4,4

Det meste av den inngrepsfrie naturen i Sør Trøndelag er i høgfjellet, slik at eit tap på 330 km<sup>2</sup> vil medføre ekstremt store tap av inngrepsfri kystnatur i Sør Trøndelag. Eit raskt estimat viser eit tap på 25% av inngrepsfri kystnatur i fylket. Dette er eit inngrep av nasjonale dimensjonar og vil vera starten på ei fullstendig rasering av inngrepsfri kystnatur i Noreg.

### **Manglande konkrete vurderingar i planforslaget**

Forslaget til fylkesdelplan vindkraft, del I, har følgjande generelle vurderingar:

*«De inngrepsfrie områdene ligger hovedsakelig i høgfjellet. Langs kysten er slike områder mangelvare. Av fylkene i Midt-Norge er det Sør-Trøndelag som har minst andel inngrepsfrie områder (5% av arealet).*

*Vi må være oppmerksom på at det er mange mindre områder som ikke er avmerket på kartet, men som kan oppfattes som inngrepsfrie. Dette gjelder særlig på kysten, hvor et småskalig og oppdelt landskap kan gis følelse av urørthet selv om det er større inngrep innen 1 km avstand.*

*Ved utredning av enkeltsaker bør man derfor i landskapsanalyse se etter om det kan forekomme slike mindre "lommer" av følt urørthet selv om de ikke vises på INON-kartene.»*

Vi er samde i desse generelle vurderingane, som viser kor sårbar kystnaturen i Sør Trøndelag er for

<sup>6</sup> Direktoratet for Naturforvaltning: <http://www.dimat.no/content.ap?thisId=1009278>.  
Estimatet for kystnaturen er gjort av Naturvernforbundet i Sør Trøndelag.

inngrep når det dreier seg om INON-område, men som vi tidlegare har peika på reagerer vi på at det overhode ikkje er utført konkrete vurderingar av konsekvensane for INON i Sør Trøndelag, verken i Planforslag del I, del II eller i saksframlegget til fylkesutvalet.

Sjølv om fylkesdelplan vindkraft har viktig informasjon om INON-område og vindkraft på generell basis, ser vi det som ein vesentleg mangel at ein ikkje ein gong har forsøkt å setja opp ei oversikt og gje ei vurdering av dei samla konsekvensane for tap av INON-område. Denne mangelen gjer det i praksis ikkje mogleg å ta stilling til plana på dette viktige området.

### **Oversyn over tap av INON-område**

Ettersom forslaget til fylkesdelplan ikkje har slik informasjon, har Naturvernforbundet i Sør Trøndelag forsøkt å setja opp ei oversikt over kva konsekvensar fylkesdelplan vindkraft vil medføre for inngrepsfri natur i Sør Trøndelag.

Område	Anlegg	Totalt areal	Inngrepsfri natur tapt	MW	Kommentar
Snillfjord	Tannvikfjella	64 km <sup>2</sup>	32 km <sup>2</sup>	290 MW	Agder / Statkraft
	Geitfjellet	70 km <sup>2</sup>	14 km <sup>2</sup>	180 MW	Statkraft
	Remmafjellet	12 km <sup>2</sup>	12 km <sup>2</sup>	90 MW	Statkraft
Hitra	Hitra	12 km <sup>2</sup>	30 km <sup>2</sup>	55 MW	I drift (Fylkesmannen anslår tap på 30 km <sup>2</sup> inngrepsfri natur)
Osen – Roan - Åfjord	Harbaksfjellet	15 km <sup>2</sup>	13 km <sup>2</sup>	90 MW	Konsesjon
	Bessakerfjellet	10 km <sup>2</sup>	6 km <sup>2</sup>	57 MW	Konsesjon (Under bygging)
	Kvenndalsfjellet	10 km <sup>2</sup>	19 km <sup>2</sup>	120 MW	Statkraft
	Roan	25 km <sup>2</sup>	18 km <sup>2</sup>	180 MW	Statkraft
	Haraheia	50 km <sup>2</sup>	40 km <sup>2</sup>	300 MW	Sarepta
	Ytterligere utbygging i dette området <sup>7</sup>	100 km <sup>2</sup>	50 km <sup>2</sup>	400 MW	Vårt anslag, ut i frå fylkets ønske om vidare utbygging
420 kV kraftline	Namsos - Roan		30 km <sup>2</sup>		Tap mellom 45 og 90 km <sup>2</sup> avhengig av trasé. Vi har teke med andel for Sør Trøndelag
	Roan – Surnadal		100 km <sup>2</sup>		Anslag. Strekninga er dobbelt så lang som Namsos – Roan
Sum		368 km <sup>2</sup>	334 km <sup>2</sup>	1 762 MW	

For fleire av anlegga er det dårlege estimat for tap av inngrepsfri natur, slik at Naturvernforbundet har lagt inn egne anslag.

(Dersom Storheia anlegg i Bjugn / Åfjord kjem med i planen, vil dette føre til ein auke i tap av inngrepsfri natur med minst 53 km<sup>2</sup>, sannynlegvis meire.)

<sup>7</sup> Forslaget til fylkesdelplan: «I tillegg bør det ses på mulighetene for fortette innen eller mellom disse anleggene.» Vårt anslag på fylkets forslag til «fortetting» er 400 MW som i dette området kan føre til tap på 20 km<sup>2</sup>.

Med ca 2500 brukstimar, vil 1 762 MW gje 4,4 TWh energi i året, eit tap av inngrepsfri natur på ca 330 km<sup>2</sup>, og eit direkte arealforbruk på 370 km<sup>2</sup>. Dette er tap som følgja av alternativ B i forslaget til fylkesplan vindkraft: «moderat utbygging».

(Til samanlikning ville eit gasskraftverk med CO<sup>2</sup> - reinsing yte den same energien med eit arealforbruk på maks 0,1 km<sup>2</sup> og utan tap av inngrepsfri natur dersom anlegget ble plassert på Aukra.)

For Midt Noreg kjem inngrep i Nord Trøndelag og Møre og Romsdal i tillegg. Det er ikkje umogleg at det totale tapet av inngrepsfri i Midt Noreg til vindkraft kan koma opp i 6-800 km<sup>2</sup> dersom ein følgjer prinsippet i Sør Trøndelag for alternativ B: «moderat utbygging».

Dersom kraftlina Roan – Surnadal blir bygget, er det grunn til å tru at den vil føre til eit sterkt press på ytterligere utbygging av vindkraft i regionen for å gjera lina økonomisk drivverdig, slik at ytterligere inngrepsfrie område går tapt.

## ***I strid med nasjonale retningsliner for vindkraftanlegg***

*«Nasjonale mål*

Sikre at gjenværende naturområder med urørt preg blir tatt vare på.

....

Inngrepsfrie områder har en egenverdi samtidig som de ofte kan ha vesentlige verdier knyttet til landskap, friluftsliv, naturtyper og biologisk mangfold.

....

Etablering av vindkraftanlegg i inngrepsfrie områder reduserer omfanget av naturområder med urørt preg.

*Svært stort konfliktpotensial*

...

• i INON-områder som går ubrutt fra fjord til fjell»<sup>8</sup>

***Forslaget til fylkesdelplan for vindkraft medfører eit totalt tap av minst 330 km<sup>2</sup> inngrepsfri natur i Sør Trøndelag til vindkraft. Dette er eit tap av dramatiske dimensjonar for slike naturområde, og eit klårt brot på nasjonale målsettingar for å stanse vidare tap av inngrepsfri natur. Det er spesielt alvorleg at dette tapet skjer i kystregionen der det er minst att av inngrepsfrie naturområde.***

## ***Svært stort konfliktpotensial i Snillfjord***

På nordsida av Snillfjorden er eit stort, ubrutt inngrepsfritt område frå fjord til fjell på ca 35 km<sup>2</sup>. Alt dette vil gå tapt ved utbygging av Tannvikfjellet / Svarthammarfjellet.

Det er få slike område att langs kysten, og dei nasjonale retningslinene seier at det for slike område er det «Svært stort konfliktpotensial».

Denne problemstillinga er ikkje behandla i forslaget til fylkesdelplan vindkraft for Sør Trøndelag.

***Vi ser det som ein vesentleg mangel i forslaget til fylkesdelplan for vindkraft at det blir foreslått å leggja vindkraftanlegg i område med «svært stort konfliktpotensiale», utan at konsekvensane er vurdert, ja til og med utan at det er kommentert eller kjem fram i forslaget.***

***Det er lite truleg at det vil bli tillatt å leggja vindkraftanlegg i område med «Svært stor konfliktgrad», og slike planar må difor takast ut av planen. Dette gjeld spesielt planen for Tannvikfjellet / Svarthammarfjellet.***

<sup>8</sup> Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg. Miljøverndepartement. Juni 2007

Vi vil vise til at det også er område som framstår som naturområde med urøyrd preg på sørsida av Snillfjorden. Dersom vi reknar med dette (inngrepet består i hovudsak av ei 60 kV kraftline), har vi også her eit «INON-område som går ubrutt fra fjord til fjell», som vil gå tapt med planane for utbygging av Geitfjellet.

***Planen for Geitfjellet sør for Snillfjord vil leggja beslag på eit område av liknande type som det som i dei nasjonale retningslinene er omtalt som «INON-område som går ubrutt fra fjord til fjell», der inngrep blir karakterisert med «Stor konfliktgrad».***

I tillegg til dei registrerte inngrepsfrie naturområda, er det store område som har inngrep som i mindre grad reduserer karakteren av inngrepsfritt område. Dersom ein tek med desse områda, er det ytterligare ca 20 km<sup>2</sup> natur av inngrepsfri karakter som forsvinn. Også på sørsida av Snillfjord vil ein då miste eit ubrutt inngrepsfritt område frå fjord til fjell.

## **Svært stort konfliktpotensial i Åfjord og Roan**

På Harbaksfjellet er det eit 13 km<sup>2</sup> stort inngrepsfritt område «fra fjord til fjell», slik at utbygging av Harbaksfjellet (som skandaløst nok har fått konsesjon), er i strid med dagens retningsliner for etablering av vindkraftanlegg. I fylkesdelplanen bør fylkeskommunen gå mot etablering av dette anlegget, også fordi det vil utløyse bygging av 420 kV kraftline Namsos – Roan.

**Harbaksfjellet vindkraftanlegg må bli hindra i utbygging, både fordi det er lagt i område med «Svært stor konfliktgrad», og fordi det vil utløyse 420 kV kraftline.**

På grensa mellom Åfjord og Roan, nord-vest for Finnkollheia, er det eit stort, ubrutt INON-området frå fjord til fjell, som også omfattar INON-område med avstand meire enn 3 km til næraste inngrep.

Området av urøyrd preg er i tillegg større enn det som er registrert som INON-område dersom ein går vidare forbi Tøssvika.

Dette området er det største, og eit av dei ytterst få INON-områda som går ubrutt frå fjord til fjell på Fosen i Sør Trøndelag, og difor spesielt viktig å verne mot inngrep.

Kvenndalsfjellet vindkraftanlegg ligg på ein del av dette området, og i tillegg foreslår fylkeskommunen å byggja ut fleire anlegg enn det allereie er søkt om.

**Både Kvenndalsfjellet anlegg og fylkeskommunens ønskje om å byggje fleire anlegg i området er i strid med nasjonale retningsliner for lokalisering av vindkraftanlegg og nasjonale retningsliner for å hindre nedbygging av urøyrd natur.**

**Fylkeskommunens plan vil medføre ei rasering av dette viktige INON-området.**

## **Storheia – ein miljøskandale**

Forslaget til fylkesdelplan har ikkje teke med Storheia i planen, men Bjugn kommune foreslår at anlegget skal med, og i Statnetts planar for kraftlina Roan – Surnadal er det lagt inn ein trafostasjon ved Storheia.

*Det planlagde anlegget i Storheia er sannsynlegvis det mest omfattande i heile Midt Noreg når det gjeld rasering av INON-område. Minst 52 km<sup>2</sup> INON-område vil gå tapt ved dette anlegget. I røynda blir virkninga vesentleg større, i og med at det vest / sørvest er eit stort område av urøyrd karakter som ikkje er registrert som INON-område. Delar av det registrerte INON-området går ubrutt frå fjord til fjell, og det same gjer nabo-området med urøyrd preg. Utbygging vil også her vera i strid med nasjonale retningsliner.*

## **Nasjonalpark for kystområda?**

Dei fleste norske nasjonalparkane ligg i fjellområde, men når det gjeld kystnaturen i Midt Noreg med sine spesielle landskap og naturområde, den sterke vekslinga mellom fjord og fjell, rik fuglefauna, botaniske verdiar og kystregnskog, så er det i dag berre verna lommar av naturen, og ikkje større område.

Eit problem med å etablere ein nasjonalpark for kysten i Midt Noreg er nettopp at det er lite att av store, samanhengande INON-område. Det kan difor vera aktuelt å etablere større verneområde med små og store felt av inngrepsfri natur som blir sett i samanheng som område av nasjonalpark-liknande karakter.

Vi vil her også vise til omtalen i forslaget til fylkesdelplan vindkraft:

*«Vi må være oppmerksom på at det er mange mindre områder som ikke er avmerket på kartet, men som kan oppfattes som inngrepsfrie. Dette gjelder særlig på kysten, hvor et småskalig og oppdelt landskap kan gis følelse av urørthet selv om det er større inngrep innen 1 km avstand.»*

Det er eit stort trykk på dei gjenverande INON-områda frå hyttebygging, vegbygging og ikkje minst utbygging av vindkraft. Det hastar difor å vurdere etablering av slike større «kyst-nasjonalparkar».

Det er spesielt to område i Trøndelag som peiker seg ut for dette formålet, og det er nettopp dei to områda som fylkesdelplan vindkraft peiker ut som aktuelle for konsentrasjon av vindkraftanlegg:

Området rundt Osen og Roan i Sør Trøndelag, kombinert med Flatanger og til dels Namdalseid i Nord Trøndelag har viktige naturmessige kvalitetar og mange større INON-felt, slik at dette er eit område som bør bli vurdert i som aktuelt for verneområde av nasjonalpark-liknande karakter. Delar av området har ubrutt INON-området frå fjord til fjell.

Området rundt Snillfjord, Agdenes, Hemne og nordlege del av Orkdal (Grytdalen) har tilsvarande viktige naturmessige kvalitetar og store innslag av INON-felt. Også her kan ein her finne INON-område som går «ubrutt frå fjord til fjell».

***Naturvernforbundet i Sør Trøndelag ber om at det blir gjennomført ei vurdering for etablering av større verneområde av «nasjonalpark-liknande karakter» i området Osen, Roan, Flatanger, Namdalseid og området Snillfjord, Agdenes, Hemne og nordlege del av Orkdal.***

***Denne vurderinga må bli utført før det blir gjennomført behandling av anlegg for vindkraft og nye kraftliner i desse områda.***

***Vi ber Fylkesmannen og Fylkesrådmannen ta initiativ til så sjå på spørsmålet om "kystnasjonalparkar" i Sør Trøndelag.***

## **Samandrag INON**

Ut i frå at forslaget til fylkesdelplan for vindkraft vil medføre eit tap på minst 330 km<sup>2</sup> urøyrde naturområde i kystregionen som har lite att av slike område, reagerer vi sterkt på at det ikkje er utført vurderingar av kva forslaget til fylkesdelplan vil få for INON-område i Sør Trøndelag, det fylket i Midt Noreg som har færrest slike område att, og der kysten er spesielt utsett.

Fleire større område som er berørt av fylkesdelplanen, er «INON-område som går ubrutt fra fjord til fjell», der inngrep er karakterisert med «Svært stor konfliktgrad» i følgje nasjonale retningsliner for vindkraftanlegg.

Fleire større naturområde som blir berørt, framstår i dag som eit naturområde med urøyrde preg frå fjord til fjell. Då det er lite slike område att langs kysten, bør også inngrep i desse områda bli karakterisert med «Svært stor konfliktgrad».

Fylkesdelplanen legg opp til uakseptabelt store tap av inngrepsfrie naturområde, og planen har ikkje vurdert / omtalt at store delar av tapet er knytt til område som i nasjonale retningsliner for vindkraftanlegg blir omtalt som område med «Svært stort konfliktpotensial».

420 kV kraftline frå Namsos til Roan vil aleine føre til tap på 100 – 300 km<sup>2</sup> inngrepsfrie naturområde, og vil virke utløysande for fleire vindkraftanlegg.

- ***Inngrepsfrie område i kystregionen er mangelvare og spesielt viktig å ta vare på, og fylkesdelplanen kan medfører tap av 330 km<sup>2</sup> inngrepsfrie naturområde langs kysten av Sør Trøndelag. Dette kan vera eit tap på rundt 25% av slike areal i fylket. Dette vil vera det største enkeltinngrepet i fylket nokon gong, fullstendig uakseptabelt og må bli avvist. Det er allereie er tapt ca 40 km<sup>2</sup> inngrepsfri kystnatur til vindkraft i Sør Trøndelag gjennom Bessakerfjellet, Hitra og nokre småanlegg. Det er på høg tid å seia stans.***
- ***Fylkesdelplan vindkraft har ikkje vurdert konsekvensane for tap av INON-område. Her må det bli gjennomført vurderingar av konsekvensane.***
- ***Tannvikfjellet / Svarthammarfjellet må takast ut av planen på grunn av at anlegget er planlagt i område karakterisert med «Svært stort konfliktpotensiale».***
- ***Geitfjellet må takast ut av planen på grunn av at anlegget blir lagt i område av liknande type som det som er karakterisert med «Svært stort konfliktpotensiale».***
- ***Harbakfjellet (konsesjon) er plassert i område med «Svært stort konfliktpotensiale». Bygging av Harbakfjellet vil utløyse 420 kV kraftline og må difor takast ut av planen.***
- Kvenndalsfjellet er plassert i område med «Svært stort konfliktpotensiale», og må takast ut av planen.
- ***Området Osen, Roan, Flatanger, Namdalseid og området Hemne, Snillfjord, Agdenes og nordre Orkdal bør bli vurdert for etablering av større verneområde for kystnatur før det blir gjennomført vidare arbeid for vindkraftanlegg og kraftliner.***
- ***Storheia er ikkje med i planen, men på grunn av press frå Bjugn kommune og Statnett er det vesentleg at fylkesdelplanen slår uttrykkeleg fast at Storheia er uaktuell, då anlegget er lagt i område med «Svært stort konfliktpotensiale», og på grunn av dei høge kvalitetane i området.***

Med vennleg helsing

Naturvernforbundet i Sør Trøndelag

Steinar Nygaard  
Leiar  
tlf 976 13 429

Mads Løkeland  
Talsperson klima og energi  
tlf 950 56 726

Kopi til:

Fylkesmannen i Sør Trøndelag, Nord Trøndelag og Møre og Romsdal

Nord Trøndelag og Møre og Romsdal fylkeskommunar

NVE, DN

Hemne, Snillfjord, Orkdal, Agdenes, Hitra, Frøya, Ørland, Bjugn, Åfjord, Roan, Osen og Rissa kommunar

## **Vedlegg**

Vedlegg 1: Vedtak i organisasjonen ”Vern naturarven” i Snillfjord kommune

Vedlegg 2: Dokumentasjon med foto og tekst om fugl og friluftsliv frå Snillfjord

## Vedlegg 1. Vedtak frå «Vern naturarven» i Snillfjord kommune

### Utalelse til forslag til fylkesdelplan vindkraft i Sør-Trøndelag

"Vern naturarven" i Snillfjord slutter seg til de fire hovedkonklusjonene som Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag har kommet fram til i sin uttalelse til forslaget til fylkesdelplan vindkraft, og og grunnlaget for disse.

I tillegg vil "Vern naturarven" peke på de negative konsekvensene ei utbygging av vindmølleparker vil ha for nåværende og ikke minst framtidig reiseliv i Snillfjord kommune. F.eks økoturisme, der folk søker stillhet og uberørt natur. Guidede turer i vakker natur har lenge vært en god inntektskilde for lokalsamfunn i mange europeiske land, og Snillfjord har svært mange av de kvalitetene slike turer krever. Dette er en form for turisme som øker kraftig.

Ei storstilt utbygging av vindmøller vil også være negativt for bosettinga i Snillfjord kommune, både pga nedbygginga av naturen, og den visuelle forsøplinga slike vindparker fører med seg.

i tillegg til områdene som er nevnt i uttalelsen fra Naturvernforbundet, vil "Vern naturarven" også ta med Remmafjellet og områdene omkring, som er et enestående vakkert utfartsterreng. Det er svært mye brukt både sommer og vinter av folk både fra Agdenes-sida og Snillfjords-sida. Ei utbygging her vil virke negativt på folks livskvalitet, i tillegg til at økosystemet i naturen blir ødelagt.

For "Vern naturarven" i Snillfjord  
Per Aastum  
leder

Per Aastum  
Vågan  
7255 Sundlandet

tlf 72 45 64 40  
epost: ase.aastum@start.no